



**Innkalling
for
Kommunestyret i Radøy**

Møtedato: 15.02.2018
Møtestad: Kommunestyresalen
Møtetid: 18.00

Saksliste:

Saksnr	Tittel
001/2018	Meldingar og referatsaker
002/2018	KS Lokaldemokrati - undersøking
003/2018	Suppleringsval - generalforsamlinga i Aufera AS
004/2018	Suppleringsval til styret i Sambandet Vest
005/2018	Søknad om fritak varamedlem kommunestyre
006/2018	Søknad om fritak politiske verv
007/2018	Rullering av ROS-analyse - 2018
008/2018	IKT Nordhordland - utviding av samarbeidet - og endring frå å vera eit vertskommunesamarbeid etter kommunelova §28 til eit interkommunalt samarbeid etter kommunelova §27

Den som har lovleg forfall eller er ugild i nokon av sakene må melda i frå til kultur- og sørvistorget så snart som råd, tlf 56 34 90 00. Varamedlemmer møter etter nærare innkalling.

8. februar 2018

Jon Askeland
møteleiar

Arthur Kleiveland
utvalssekretær

Radøy kommune

Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
001/2018	Kommunestyret i Radøy	PS	15.02.2018

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Arthur Kleiveland	18/277	18/1709

Meldingar og referatsaker

Saksopplysingar:

Det vert lagt fram følgjande meldingar og referatsaker:

- a. Nordhordland Utviklingsselskap IKS – protokoll Representantskapet 8. desember 2017
- b. Nordhordland Utviklingsselskap IKS – Orienteringar Representantskapet 8. desember 2017
- c. Region Nordhordland Helsehus IKS – protokoll Representantskapet 8. desember 2017
- d. Nordhordland Revisjon IKS – protokoll Representantskapsmøte 8. desember 2017
- e. Sambandet Vest AS – protokoll ekstraordinær generalforsamling 19. desember 2017
- f. Statlege motsegner – vidareføring av samordningsforsøket som fast ordning – KMD
- g. Nordhordland kemnerkontor – årsmelding 2017
- h. Hovudtariffoppgjeret 2018 – KS
- i. Fellesnemnda for Alver kommune - møtebok 15. januar 2018
- j. Bogatunet og Syltastova – status for kommunal overtaking – orientering v/ordføraren
- k. Planstatus – orientering v/rådmannen

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Meldingar og referatsaker vert tekne til orientering

Vedlegg:

Nordhordland Utviklingsselskap IKS _ Representantskapet 8_desember 2017

NUI _ Representantskapet _ Orienteringar Representantskapet 8_des_2017

Region Nordhordland Helsehus IKS - representantskapet 8_desember 2017

Nordhordland Revisjon IKS_representantskapsmøte 8_des_2017

Sambandet Vest - protokoll ekstraordinær generalforsamling 19_des_2017

Statlege motsegner_Vidareføring av samordningsforsøket som fast ordning_KMD

Nordhordland kemnerkontor - Årsrapport 2017 (L)(156149)

Hovudtariffoppgjeret - KS

FN møtebok 15.01.2018

Bogatunet - tilsyn og dekking av løpande utgifter FS-vedtak 25_januar 2018

Radøy kommune

Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
002/2018	Kommunestyret i Radøy	PS	15.02.2018

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
	18/298	18/1870

KS Lokaldemokrati - undersøking

Saksopplysingar:

Bakgrunn

KS gjennomfører i 2018 ei lokaldemokrati-undersøking. I undersøkinga får dei folkevalde spørsmål om lokaldemokratiet i eigen kommune. KS peikar på at resultatane gir eit godt grunnlag for vidare arbeid med demokratiutvikling.

Lokaldemokrati-undersøkinga i Radøy er eit ledd i arbeidet med Alver kommune. Det blir gjennomført tilsvarende undersøking i Lindås og Meland.

KS Lokaldemokratiundersøkelse er eit av verktya som blir framheva i Kommunal- og moderniseringsdepartementet sitt prosjekt *Fornyelse og utvikling av lokaldemokratiet i kommuner med vedtak om sammenslåing*.

Undersøkinga kan gje eit bilete av gode og mindre gode erfaringar og vera til hjelp i å vurdere kor innsatsen i framtidig kommune bør rettast.

Lokaldemokrati-undersøkinga omfattar også ein innbyggardel, og den delen av undersøkinga vert gjennomført av Opinon gjennom telefonintervju.

Resultatet av heile undersøkinga vil bli publisert på den offentlege portalen www.bedre.kommune.no

Det er lagt opp til at medlemne i kommunestyret skal gjennomføra undersøkinga i møtet. Victor Ebbesvik frå KS vil gje ei orientering om undersøkinga.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Det er ikkje framlegg til vedtak i denne saka

Radøy kommune

Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
001/2018	Formannskapet i Radøy	PS	25.01.2018
003/2018	Kommunestyret i Radøy	PS	15.02.2018

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Arthur Kleiveland	16/1497	18/1029

Suppleringsval - generalforsamlinga i Aufera AS

Saksopplysingar:

Bakgrunn

Morgan Taule har takka ja til stilling som ny dagleg leiar i Knarvik Industri og Miljø (KIM). Han tek til i stillinga 1. februar 2018.

Taule er valt som Radøy kommune sitt medlem i generalforsamlinga i AUFERA AS, som Radøy eig saman med nabokommunane Austrheim og Fedje.

Knarvik Industri og Miljø og AUFERA AS vil vera konkurrentar på enkelte område, og Taule finn det naturleg at han går ut av generalforsamlinga i AUFERA.

Det må det gjerast suppleringsval på medlem til generalforsamlinga i AUFERA.
Det er formannskapet som valnemnd som kjem med innstilling til kommunestyret.

Konklusjon

Formannskapet som valnemnd oppnemner nytt medlem til generalforsamlinga i AUFERA for Morgan Taule.

Formannskapet i Radøy - 001/2018

FS - handsaming:

Arbeidarpartiet sette fram følgjande framlegg:

Jostein Borlaug vert valt som Radøy kommune sin representant i generalforsamlinga i Aufera as etter Morgan Taule.

Formannskapet (som valnemnd) vedtok framlegg til suppleringsval til generalforsamlinga i Aufera.

FS - vedtak:

Jostein Borlaug vert valt som representant til generalforsamlinga i Aufera as.

Vedlegg:

Morgan Taule - suppleringsval

Radøy kommune

Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
002/2018	Formannskapet i Radøy	PS	25.01.2018
004/2018	Kommunestyret i Radøy	PS	15.02.2018

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Arthur Kleiveland	16/1497	18/965

Suppleringsval til styret i Sambandet Vest

Saksopplysingar:

Bakgrunn

Jon Askeland er vara for Kenneth Taule Murberg i styret for Sambandet Vest. Ordførar Jon Askeland bed om at det vert halde suppleringsval og at formannskapet som valnemnd oppnemner ny vara for Kenneth Taule Murberg.

Konklusjon

Formannskapet som valnemnd oppnemner vara til styret for Sambandet vest

Formannskapet i Radøy - 002/2018

FS - handsaming:

Jon Askeland forklarte utfordringa knytt til ugildskap i styret i Sambandet Vest, ettersom han også representerer kommunen i eigarmøta i aksjeselskapet.

Det vart sett fram følgjande framlegg til vedtak:

John Bauge vert valt som ny varamedlem til styret i Sambandet Vest.

Formannskapet som valnemnd vedtok framlegg sett fram i møtet.

FS - vedtak:

John Bauge vert valt som ny varamedlem til styret i Sambandet Vest.

Radøy kommune

Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
004/2018	Formannskapet i Radøy	PS	25.01.2018
005/2018	Kommunestyret i Radøy	PS	15.02.2018

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Arthur Kleiveland	16/1497	18/1049

Søknad om fritak varamedlem kommunestyre

Saksopplysingar:

Bakgrunn

I kommunestyresak 074/2016 vart Frode Hervik innvilga permisjon for perioden fram til 01.02.2018 og Agnes Hoshovde Bernes rykka opp som fast representant i kommunestyre. Varalista til Venstre vart i same sak supplert med Ingvild Brattetaule som nytt 5. varamedlem.

Ingvild Brattetaule søker no om fritak frå dette vervet for resten av perioden på grunn av studier i Trondheim.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Ingvild Brattetaule får fritak for sitt verv som 5. vara på Venstre si varaliste til kommunestyret.

Formannskapet i Radøy - 004/2018

FS - handsaming:

Formannskapet innvilgar Ingvild Brattetaule sin søknad om fritak frå verv som 5. vara på Venstre si varaliste til kommunestyret.

Formannskapet meiner det ikkje er behov for å gjera suppleringsval.

FS - vedtak:

Ingvild Brattetaule får fritak for sitt verv som 5. vara på Venstre si varaliste til kommunestyret.

Vedlegg:

Søknad om fritak frå politisk verv - Ingvild Brattetaule

Radøy kommune

Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
003/2018	Formannskapet i Radøy	PS	25.01.2018
006/2018	Kommunestyret i Radøy	PS	15.02.2018

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Arthur Kleiveland	16/1497	18/82

Søknad om fritak politiske verv

Saksopplysingar:

Bakgrunn

Liv Berith Rath søker om fritak frå sine politiske verv i Radøy. Bakgrunnen for søknaden er at ho skal flytta frå kommunen. Ho søker om fritak frå 1.1. 2018 og ut denne valperioden.

Liv Berith Rath representerer Arbeidarpartiet og har i denne perioden (2015-2019) følgjande verv i Radøy kommune:

- medlem i kommunestyret
- medlem i hovudutval for plan, landbruk og teknisk
- medlem i underutval for vilt og innlandsfiske
- 1. varamedlem til samarbeidsutval/skulemiljøutval ved Sæbø skule
- 3. varamedlem til representantskapet i Driftsassistanse – Hordaland Vann og avløp IKS

Ved flytting ut av kommunen skal vedkomande tre ut av sine verv – jfr Kommuneleva § 15 nr 1.

Når eit medlem i kommunestyret går ut, vil varamedlem frå vedkomande gruppe automatisk gå inn i vedkomande sin stad. I dette tilfellet betyr det at Ann Christin Hoen (AP) dermed vil rykkja opp frå 1. varaplass til fast medlem i kommunestyret etter Liv Berith Rath.

Nytt medlem etter Rath i hovudutvalet skal veljast gjennom suppleringsval, sjølv om det er valt varamedlem. Vedkomande skal veljast frå same gruppe som den som trer ut av utvalet.

Det skal også gjerast suppleringsval i verva som 1. varamedlem til samarbeidsutval/skulemiljøutval ved Sæbø skule og 3. varamedlem til representantskapet i Driftsassistanse – Hordaland Vann og avløp IKS.

Kommunestyret skal avgjera søknaden om fritak, og skal også gjera suppleringsval. Det er

formannskapet som valnemnd som kjem med innstilling til kommunestyret.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Søknad om fritak frå politiske verv vert innvilga jfr Kommunelova § 15 nr.1
Formannskapet som valnemnd legg fram si innstilling til suppleringsval.

Formannskapet i Radøy - 003/2018

FS - handsaming:

Formannskapet vedtok å innvilga søknaden frå Liv Berith Rath om fritak frå politiske verv.

Ann Christin Hoen rykkjer automatisk opp som fast medlem for Ap i kommunestyret.

Arbeidarpartiet sette fram følgjande framlegg til suppleringsval:

- Jannicke Helland vert valt som nytt medlem i hovudutval for plan, landbruk og teknisk
- Jostein Borlaug vert valt som nytt 1. varamedlem til samarbeidsutvalet ved Sæbø skule
- Jannicke Helland vert valt som 3. varamedlem til representantskapet i Driftsassistanse – Hordaland Vann og avløp IKS

Hovudutvalet gjer sjølv suppleringsval til underutvalet for vilt og innlandsfiske.

Formannskapet innvilga søknad frå Liv Berith Rath om fritak frå politiske verv. Formannskapet som valnemnd vedtok framlegg til suppleringsvedtak sett fram i møtet.

FS - vedtak:

Liv Berith Rath får innvilga søknad om fritak frå politiske verv i Radøy kommune.

- Jannicke Helland vert valt som nytt medlem i hovudutval for plan, landbruk og teknisk
- Jostein Borlaug vert valt som nytt 1. varamedlem til samarbeidsutvalet ved Sæbø skule
- Jannicke Helland vert valt som 3. varamedlem til representantskapet i Driftsassistanse – Hordaland Vann og avløp IKS

Vedlegg:

Søknad om fritak for politiske verv - Liv Berith Rath

Radøy kommune

Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
009/2018	Formannskapet i Radøy	PS	25.01.2018
007/2018	Kommunestyret i Radøy	PS	15.02.2018

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Arthur Kleiveland	16/4	18/1046

Rullering av ROS-analyse - 2018

Saksopplysingar:

Rullering av ROS-analyse tek utgangspunkt i vedteken analyse frå 2014 og akseptkriteria som vart godkjent då.

Arbeidsgruppa si vurdering ligg som vedlegg til saka. Analyse sine resultat er sett opp i ei matrise som syner hending, trend, kva område som vert råka, og sannsyn- og risikotabell. Matrise ligg ved saka.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Rullert ROS-analyse vert godkjent.

Formannskapet i Radøy - 009/2018

FS - handsaming:

Det vart påpeika feil i ROS-analysen, og rådmannen sa at dette vil bli retta opp til saka kjem til handsaming i kommunestyret.

Formannskapet vedtok rådmannen sitt framlegg til vedtak.

FS - vedtak:

Rullert ROS-analyse vert godkjent.

Vedlegg:

Samfunnsdelen ros 2017

ros_2017_ks

Radøy kommune

Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
008/2018	Kommunestyret i Radøy	PS	15.02.2018

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
	18/288	18/1806

IKT Nordhordland - utviding av samarbeidet - og endring frå å vera eit vertskommunesamarbeid etter kommunelova §28 til eit interkommunalt samarbeid etter kommunelova §27

Saksopplysingar:

Bakgrunn IKT Nordhordland er leverandør av IKT-tenester til kommunane Lindås, Osterøy, Modalen, Vaksdal, Meland, Radøy, Austrheim, Fedje og Masfjorden. IKT Nordhordland vart etablert i 2011 gjennom ein samarbeidsavtale der eininga vart organisert som eit §28 vertskommunesamarbeid. Osterøy kommune er vertskommunen.

Samarbeidet har bidrege til gode og effektive IKT-tenester i regionen og samarbeidande kommunar nyter gode og effektive tenester av høg kvalitet.

Krav til digitalisering og utvikling set nye krav til organisering og utvikling av IKT-området. Dette medfører at Nordhordland må revurdera dagens organisering av IKT-området. I tillegg har andre kommunar meldt si interesse for å delta i samarbeidet i Nordhordland.

På bakgrunn av dette vert det naudsynt å ta stilling til to hovudspørsmål:

1. Dagens vertskommunemodell oppfyller ikkje krava til eigenregi i forvaltning av IKT-tenestene på vegne av andre kommunar i eit samarbeid. Dette medfører at det er naudsynt med endring i vertskommune-modellen. Ei slik endring vil vera viktig del av den formelle styringsmodellen for samarbeidet, med eller utan utviding av samarbeidet med fleire kommunar.

2. Opptak av nye samarbeidande kommunar i IKT-samarbeidet.

1. Organisering av samarbeidet på IKT-området

For å møte framtidige utfordringar foreslår ein å omorganisera samarbeidet etter kommunelova § 27. Denne ordninga oppfyller lov om offentlege anskaffingar sine krav til unntak for eigenregi. Eigenregi, som legg til grunn at deltakande kommunar har styring over organiseringa i samarbeidet, er ein føresetnad for å vera i samsvar med reglane for offentlege anskaffingar.

Lova stiller krav til at det skal vera vedtekter for det interkommunale styret. Minimumskrava til kva vedtektene skal ha som føresegn er:

- a. Styret si samansetning og korleis det vert utpeika
- b. Området for styrets verksemd
- c. Om deltakarkommunane skal gjera innskot til verksemda
- d. Om styret har myndigheit til å ta opp lån eller på annan måte pådra deltakarane økonomiske forpliktingar
- e. Tre ut frå eller oppløysning av samarbeidet

Det er ikkje noko i vegen for at ein fylkeskommune eller kommune kan tiltre eit eksisterande § 27-samarbeid, men dei deltakande kommunane må akseptera det gjennom å endra vedtektene.

I eit interkommunalt styre må alle deltakande kommunar og fylkeskommunar vera representert. Styret si samansetning vil bestå av Rådmennene i kvar kommune. Utan ein slik representasjon ville ein i realiteten ha overdrege vedtak- og styringsmyndigheit til dei andre deltakarane.

Når mange deltar i samarbeidet, vil styret kunne verta uhensiktsmessig stort. Det kan difor vera hensiktsmessig at styret fungerer som eit representantskap og kan ha eit mindre organ under seg som kan fungera som eit styre. Det høgaste organ vil framleis vera representantskapet (styret etter reglane i Kommunelova § 27).

2. Orientering om moglegheit for å utvide samarbeidet

IKTNH har motteke interesse frå fleire kommunar i Hordaland om å delta i IKT-samarbeidet til Nordhordland. Med bakgrunn i dei satsingane som no kjem i kommunesektoren, vil mange av kommunane ha ei stor utfordring med kompetanse, kapasitet og økonomi til å henga med på den utviklinga som skjer. I dette skjeringspunktet vil IKTNH kunne tilfredsstilla behova som dei interesserte kommunane har til IKT-driftstenester og -tenester, men som dei sjølv ikkje vil ha kapasitet til å drifta og utvikla. For desse kommunane vil eit samarbeid med Nordhordlands-regionen på IKT vera særskilt aktuelt.

Det representerer ein stor moglegheit for Nordhordland og byggja verdi på dei investeringane som er gjort på IKT infrastruktur. Samtidig vil regionen markera seg som ein sentral og viktig part i vidareutviklinga for IKT i Hordaland. Dette er også støtta av Fylkesmannen, som ynskjer auka grad av samarbeid, slik at kommunar som ikkje har evne til å utvikla seg får eit IKT-fagleg løft.

Organisering av IKTNH som eit §27-selskap legg til rette for ei utviding av samarbeidet om det skulle vera ønskjeleg frå kommunane i Nordhordland.

Ein konseptfase vil avklara grunnlaget for ei utviding av IKT-samarbeidet med fleire kommunar. Resultatet av konseptfasen vil verta lagt fram for regionrådet for eit vedtak om eventuelt å gå vidare med eit planleggingsprosjekt. Eit planleggingsprosjekt vil danne grunnlaget for ei utgreiing om eit endeleg vedtak om utviding av samarbeidet. Denne utgreiinga med forslag til vedtak vert lagt fram for kommunestyra i Nordhordland for endelege vedtak.

Konklusjon

1. Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Radøy kommune vedtek omorganisering av IKT Nordhordland til § 27 som eit interkommunalt samarbeid med eit felles styre og dei nye vedtektene som er vedlagt saka.

Radøy kommune vedtek oppstart av konseptfase som skal utgreia spørsmålet om utviding av

samarbeidet, i tråd med vedlagte prosjektmandat.

Vedlegg:

Mandat for konseptfase - IKT Nordhordland utviding av samarbeidet

Vedtekter - IKT Nordhordland - endring til paragraf 27

Protokoll Regionrådet 1-2018, 31. januar